Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2019 for Vindafjord kommune.

	Resultatkrav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2019 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav samla for heile landet 2019 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2017	97,00 %	99,55 %	98,54 %	96,26 %
Forskotsstrekk 2018	99,90 %	99,99 %	100,00 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2018	99,00 %	99,84 %	99,88 %	99,40 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2018	99,80 %	99,96 %	100,00 %	99,91 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2017	99,00 %	99,90 %	99,92 %	98,97 %
Arbeidsgjevaravgift 2018	99,80 %	99,95 %	100,00 %	99,84 %

4. Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarane vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av område skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Alle område vil derfor nødvendigvis ikkje bli kontrollert kvart år.

Skatteetaten har for 2019 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalte debetkrav



Det er ikkje gjennomført stadleg kontroll i 2019.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som Skatteetaten har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Arbeidsgjevarkontroll

Ein nærare kommentar av Skatteetaten sin kontroll og oppfølging av arbeidsgjevarkontrollen går fram av vedlegget til denne kontrollrapporten.

5. Skatteetaten sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skatteetaten har halde styringsmøte med skatteoppkrejvar 3. oktober 2019. Tema i samtalen var resultatoppnåing, faglege tilbakemeldingar på arbeidet med internkontroll, innkreving, skatterekneskap, samlingar og kurs, samt informasjon frå skatteoppkrejvar om ressurssituasjonen, kompetanse og endringar på kontoret.

Dette er siste året kommunestyret vil få denne kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Fram til 1. juni 2020 er det kommunane som har ansvaret for skatteoppkrevjinga. Kommunar som får ressursutfordringar på skatteoppkrevjingsområdet fram til overføringa 1. juni 2020, må søke støtte hos andre kommunar, og aktuelle kommunar bør ha ein beredskapsplan for dette. Tilstrekkeleg kompetanse og ressursar i skatteoppkrevjarfunksjonen er eit avgjerande bidrag for å løyse samfunnsoppdraget; å sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.

Med helsing

Frode Gunleksen
underdirektør
Innkreving, oppfølging skatteoppkrevere
Skatteetaten

Espen Nordby



For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarane rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skatterekneskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Vindafjord kommune
Kontrollutvalet for Vindafjord kommune
Rådmann for Vindafjord kommune
Riksrevisjonen

Vedlegg: Resultat og styringsinformasjon vedkomande arbeidsgjevarkontrollen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje håndskrivne signaturar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	06.05.20	03/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «ØKONOMISTYRING I HELSE OG OMSORG»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Økonomistyring i helse og omsorg» i samsvar med vedlagte prosjektplan/ med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 100 timar.

Saksvedlegg: «Økonomistyring i helse og omsorg» – prosjektplan frå Deloitte

Saksorientering:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 20.11.19, i sak 15/19:

Vindafjord kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta» i neste møte.

Deloitte AS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektplanen som er vedlagt saka.

Prosjektplanen var utarbeidd og klar for handsaming til møtet i mars 2020. Dette møtet vart som kjent avlyst og noko av informasjonen i planen, som til dømes planlagt oppstart og levering av rapport, er ikkje lengre gjeldande.

Revisjonen har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Vindafjord kommune har system og rutinar for å sikre realistisk budsjettering og god økonomistyring av helse- og omsorgstenestene.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstilling som vil bli undersøkt:

- 1. Korleis er ressursbruken i Vindafjord kommune samanlikna med andre kommunar innan helse- og omsorgsområdet?*
- 2. I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre realistisk budsjettering av helse- og omsorgstenester?*
- 3. I kva grad er det etablert system for å sikre økonomisk rapportering på og oppdatering av økonomiske prognosar for helse- og omsorgstenestene gjennom året?*

Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på 100 timar. Det inkluderer førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjonar og selskapskontroller for 2020 er på ca. 250 timer. Utvalet har så langt i 2020 tinga oppdrag for 150 timer frå revisor. Det gjeld utarbeiding av Risiko og vesentlegvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Mogleg utviding av prosjektet

Revisor gjer merksam på følgjande når det gjeld avgrensingar og opsjon om ytterlegare problemstilling:

I kontrollutvalet sitt budsjett er det sett av om lag 250 timar til forvaltningsrevisjon. I 2020 har kontrollutvalet vedtatt at Deloitte skal gjennomføre ROV-vurdering og utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dette arbeidet har ei timeramme på 150 timar.

*Deloitte har laga ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av økonomistyring i helse og omsorg med utgangspunkt i resterande tilgjengeleg budsjett for kontrollutvalet i 2020 (100 timar). **Ein forvaltningsrevisjon av økonomistyring i helse og omsorg med denne timeramma vil måtte avgrensast både i omfang og i metode for å kunne gjennomførast.***

Etter avtale med sekretariatet har Deloitte lagt inn ein opsjon for utviding av prosjektet. Med dei problemstillingar som er føreslått over omfattar ikkje prosjektet problemstillingar knytt til kva som kan forklare årsakene til auka ressursbruk innan helse og omsorg. Om ønskjeleg kan prosjektet utvidast til å omfatte også slike problemstillingar.

Til dømes kan det vere mogleg å leggje til følgjande hovudproblemstilling nr. 2 med underproblemstillingar:

Kva er årsakene til auka ressursbruk innan helse og omsorg i Vindafjord kommune?

- a) Kva område er det som har ført til auka ressursbruk og kva kan forklare utviklinga?*
- b) I kva grad blir det sett i verk tiltak for å redusere ressursbruk?*

Dersom kontrollutvalet ønskjer å utvide prosjektet med denne hovudproblemstillinga (inkludert underproblemstillingar), vil dette medføre ei auke i den totale timeramma for prosjektet på om lag 100 timar. Opsjonen om å utvide prosjektet krev ytterlegare

og meir omfattande dokumentasjonsgjennomgang og intervju, samt analyse av føreliggande KOSTRA-statistikk.


Dersom utvalet meiner at det avgrensa prosjektet på 100 timar ikkje dekkjer alt det utvalet ønskjer å oppnå, må medlemmene vurdere om dei skal utvida prosjektet til 200 timar eller meir. Det er pr. i dag ikkje budsjettmidlar til å utvida prosjektet. Alternativa er å anten å søkje kommunestyret om ei tilleggsløyving, eller å vente med å starte opp prosjektet til hausten. Revisor vil kunne starte opp med prosjektet til hausten, for å fortsetja arbeidet til neste år. Då vil utvalet kunne nytta deler av neste års budsjettframe.

Revisor vil informere om når dei kan starte opp med prosjektet og når dei forventar å kunne levere rapport.

Kontrollutvalet må ved tinging vurdere om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 29.04.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Vindafjord kommune

Økonomistyring i helse og omsorg

Prosjektplan/engagement letter

Mars 2020

«Forvaltningsrevisjon av
økonomistyring i helse og omsorg -
prosjektplan»

Mars 2020

Prosjektplan utarbeidd for
Vindafjord kommune av Deloitte
AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Formål og problemstillinger	4
2.	Revisjonskriterier	5
3.	Metode	6
4.	Tid og ressursbruk	7

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 20. november 2019, sak 15/19, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av økonomistyring i helse og omsorg i Vindafjord kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om Vindafjord kommune har system og rutinar for å sikre realistisk budsjettering og god økonomistyring av helse- og omsorgstenestene.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstilling som vil bli undersøkt:

- 1. Korleis er ressursbruken i Vindafjord kommune samanlikna med andre kommunar innan helse- og omsorgsområdet?**
- 2. I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre realistisk budsjettering av helse- og omsorgstenester?**
- 3. I kva grad er det etablert system for å sikre økonomisk rapportering på og oppdatering av økonomiske prognosar for helse- og omsorgstenestene gjennom året?**

1.3 Avgrensingar og opsjon om ytterlegare problemstilling

I kontrollutvalet sitt budsjett er det sett av om lag 250 timar til forvaltningsrevisjon. I 2020 har kontrollutvalet vedtatt at Deloitte skal gjennomføre ROV-vurdering og utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dette arbeidet har ei timeramme på 150 timar.

Deloitte har laga ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av økonomistyring i helse og omsorg med utgangspunkt i resterande tilgjengeleg budsjett for kontrollutvalet i 2020 (100 timar). Ein forvaltningsrevisjon av økonomistyring i helse og omsorg med denne timeramma vil måtte avgrensast både i omfang og i metode for å kunne gjennomførast.

Etter avtale med sekretariatet har Deloitte lagt inn ein opsjon for utviding av prosjektet. Med dei problemstillingar som er føreslått over omfattar ikkje prosjektet problemstillingar knytt til kva som kan forklare årsakene til auka ressursbruk innan helse og omsorg. Om ønskjeleg kan prosjektet utvidast til å omfatte også slike problemstillingar. Til dømes kan det vere mogleg å leggje til følgjande hovudproblemstilling nr. 2 med underproblemstillingar:

Kva er årsakene til auka ressursbruk innan helse og omsorg i Vindafjord kommune?

- a) Kva område er det som har ført til auka ressursbruk og kva kan forklare utviklinga?
- b) I kva grad blir det sett i verk tiltak for å redusere ressursbruk?

Dersom kontrollutvalet ønskjer å utvide prosjektet med denne hovudproblemstillinga (inkludert underproblemstillingar), vil dette medføre ei auke i den totale timeramma for prosjektet på om lag 100 timar. Opsjonen om å utvide prosjektet krev ytterlegare og meir omfattande dokumentasjonsgjennomgang og intervju, samt analyse av føreliggande KOSTRA-statistikk.

2. Revisjonskriterier

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Krav til realistisk budsjettering og budsjettstyring

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteke over tid.¹

Krav til utforming av økonomiplan og årsbudsjett for kommunen går fram av kommunelova kap. 14. I § 14-4 tredje ledd står det at økonomiplanen og årsbudsjett skal settast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktelege.²

Etter §14-5 andre ledd skal kommunestyret endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lova sitt krav om realisme og balanse. Vidare går det fram av tredje ledd i same paragraf at kommunedirektøren minst to gonger i året skal rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter opp mot budsjettet. Dersom utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren føreslå endringar i budsjettet.

Vidare skal all bruk av midlar i årsbudsjettet ha dekning i årets tilgang på midlar.³

2.3 Kommunale styringsdokumenter og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

¹ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 14-1 første ledd.

² Kommunelova

³ Kommunelova § 14-10 første ledd.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalte leiarar i helse og omsorgstenesta som har budsjett- og økonomiansvar. Vi tar sikte på å gjennomføre tre-fire intervju. Med omsyn til timeramma i prosjektet må intervjuet sannsynlegvis gjennomførast som telefonintervju.

3.3 Verifisering og høring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuet for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Ingrid Kalsnes og Iver Fiksdal (manager). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 100 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere april 2020 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av september 2020. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalte personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Vindafjord kommune og Deloitte.

Bergen, 4. mars 2020



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries and territories bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to address clients' most complex business challenges. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	06.05.20	04/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

ARBEIDET MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PROSESSMØTE 1 MED RISIKOSPEL

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem attende til saka når Deloitte sine ROV-vurderingar og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er klar og prosjekta skal prioriterast.

Vedlegg: presentasjon frå Deloitte – prosessmøte 1

Saksorientering:

Etter kommunelova § 23-3 og § 23-4 har kontrollutvalet ansvaret for å utarbeide ein plan som visar på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegheitsvurderingar (ROV-analyse), med sikte på å finn ut kor det er størst trong for forvaltningsrevisjon i kommunen eller for eigarskapskontroll av selskap.

I møtet 20.11.19, sak 18/19 blei Deloitte AS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan. I dette fyrste prosessmøtet blir medlemmene invitert til å delta i Deloitte sitt risikospel. Dette som en del av prosessen for å komme med innspel til ny analyse og plan.

Analysen er eit verktøy – som saman med utvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekt i den endelege planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Det er kanskje ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 4 - 6 prosjekt, da årleg budsjettmidlar tilseier at det ikkje blir gjennomført meir enn eit prosjekt pr. år.


I møtet /prosessen nytter dei eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

Som eit grunnlag for diskusjonen i prosessmøte nr 2 vil analysedokumenta vere ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet i forkant. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert med ein risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av denne risikoanalysen vil det i gå fram kva område det er knytt størst risiko til.

Det er kontrollutvalet som skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, samt kva eigarskap ein skal prioritere å gjere eigarskapskontroll med, før saka blir sendt til kommunestyret for slutthandsaming.

Aksdal, 29.04.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Presentasjon til kontrollutvalet -
prosessmøte 1

Planarbeid for kontrollutvalet

74

I utgangspunktet kan alle område i ein kommune vere gjenstand for kontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll

Til grunn for desse planane skal det gjennomførast risiko- og vesentlegvurderingar av verksemda i kommunen og kommunen sine selskap

(ROV-analyse)

Hensikten er å finne dei områda der det er størst trong for forvaltningsrevisjon – størst risiko og mest vesentleg område

Kommunestyret skal vedta planane og kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i dei.



Prosessmøte 1

Kontrollutvalet gir innspel til revisjonen om risikoområde

Forvaltningsrevisjon


Risiko for kva?

Kommunelova § 23-3.

Forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av

- økonomi
- produktivitet
- regeletterleving
- målinnfriing
- og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Tenk igjennom: Kva utfordringar har kommunen som er så vesentlege at dei bør vere gjenstand for undersøkingar?




Eigarskapskontroll

Risiko for kva?


Kommunelova § 23-4.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen eller fylkeskommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lov og forskrift, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Tenk igjennom: Er det utfordringar som er så vesentlege at dei bør være gjenstand for undersøkingar?



Kommunen sine ansvarsområde



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	06.05.20	06/20
Kommunestyret	22.06.20	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2019 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

Saksvedlegg: Framlegg til årsmelding 2019

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2019 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2019 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 29.04.20

Odd Gunnar Høie
 Seniorrådgjevar/utvalssekretær

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2019



KONTROLLUTVALET I
VINDAFJORD KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2019.

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlemmer, og etter § 23-1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval.

Utvalet har i 2019 hatt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer:

Nils Terje Oma (Ap) – leiar
 Johannes Vestbø (Sp) – nestleiar
 Marit Aga Hustvedt (Ap)
 Gunn Haraldseid (H)
 Kristian Haraldson Risset (BBL)

Varamedlemmer:

1. Anne Tone S. Andersen (H)
 2. Oddvar Haugland (Krf)
 3. Anja Mballow (Sp)
 4. Margrethe Veim (Frp)
 5. Arnfinn Øverland (Ap)

Johannes Vestbø er fast medlem i kommunestyret, og Kristian Haraldson Risset er varamedlem. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har vore til stades på eit av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Rådmannen og andre frå administrasjonen har vore til stades på alle møta.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. Sakspapira og protokollar blir lagt ut på sekretariatet sine sider.

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Kristian H. Ressel (BBL)
Nestleiar	Anne T. S. Andersen (H)
Medlem	Knut S. Berge (Frp)
Medlem	Eivind Hetland (Krf)
Medlem	Olaug Mari Øen (Sp)

Varamedlemmer

1. Øyvind Oland (H)
2. Inga E. Steinsland (Sp)
3. Gunnstein Koch (Krf)
4. Sverre Hustveit (Frp)
5. Linn Gjerde (BBL)

Utvallsleiar Ressel er utvalet sin kommunestyrerepresentant.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2019

Kontrollutvalet har i 2019 (2018) hatt **3** (3) møter fordelt på eit møte første halvår og to møter andre halvår. Utvalet held møta på rådhuset. Kontrollutvalet skal ha opne møte, men dei kan lukkast når det er heimla i lov.

Utvalet har hatt **19** (19) saker til handsaming, kor **6** (5) saker blei sendt til kommunestyret. **34** (32) saker har blitt lagt fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Det var ingen frå Vindafjord som deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i januar, eller på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Kristiansand i juni. På dagskonferansen i Sandnes i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland deltok leiar og nestleiar. Normalt er denne konferansen i november, men pga. val av nye utval blei denne samlinga skjøve til 9. januar 2020.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 08.05.19, sak 3/19 kommunen sin årsrekneskap for 2018 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp i balanse.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 14,8 mill. kr, som utgjer 1,9 % av driftsinntektene. Dette er litt øve tilrådd nivå på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

Årsmelding frå skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen for 2018 blei fram til orientering i same møtet.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 24.05.16, sak 32/16. Ny plan for 2020-2024 vil bli vedteken i 2020.

Utvalet handsama oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «IKT og informasjonstryggleik» i møtet 08.05.19. Kommunestyret handsama oppfølginga i møtet 28.05.19 og tok rådmannen si tilbakemelding til orientering.

I møtet 02.10.19 sak 09/19 blei forvaltningsrevisjonsrapporten om «Rus- og psykiatritenesta» handsama. I innstillinga kom utvalet med seks tilrådingar og det blei satt ein frist på ni månader for oppfølging. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 19.11.19 og slutta seg til innstillinga frå utvalet.

I møtet 20.11.19 tinga utvalet Risiko- og vesentlegvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for levering i 2020. I same møte tinga også utvalet eit prosjekt om «Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta».

4.3 SELSKAPSKONTROLL- OG EIGARSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Plan for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 24.05.16, sak 33/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar om selskapskontroll i 2019.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Deloitte AS har sidan 01.07.16 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Noverande avtale gjeld frå 01.07.16 til 30.06.20. Avtalen blei forlenga med 1 år til 30.06.21 ved bruk av kommunen sin opsjonsavtale. Sak om bruk av opsjon eller ny anbudsrunde blei lagt fram for kommunestyret i juni, sak 24/19. Arbeidet med ny anbodskonkurranse vil starte i vår og val av revisjonsselskap vil skje til hausten 2020.

Oppdragsansvarleg revisor frå Deloitte AS er Else Holst-Larsen med kontor i Haugesund. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det har vore revisorar tilstade på alle møta. Dei har mellom anna presentert revisjonsplan, prosjektplan og lagt fram rapport om «Rus- og psykiatritenesta».

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

I maimøtet blei utvalet orientert av rådmannen om status for arbeidet i barnevernet. På møte i november fekk utvalet ei orientering får rådmannen om kommunen si handtering av overgrepssak frå tidligare Ølen kommune som var blitt omtala på NRK.

Rådmannen har orientert utvalet om andre aktuelle saker, mellom anna om budsjettframlegg og økonomiplan. Utvalet har også blitt orientert om statlege tilsyn og KOSTRA-tal. Utvalet er ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2019:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2018	BUDSJETT 2019 (utvalet)	REKNESKAP 2019
Godtgjersle og driftsutgifter	74 707	94 000	66 502
Revisjonstenester	365 582	445 000	416 249
Sekretariatstenester	192 000	198 000	198 000
Sum utgifter	632 289	737 000	680 751

Kontrollutvalet handsama hausten 2019 framlegg til totalbudsjett for tilsyn og kontroll for 2020. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 755 000.

For arbeidet i utvalet er det budsjettert med 95 000, til kjøp av sekretariatstenester 205 000 og kjøp av revisjonstenester (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) 455 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 15 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Vindafjord kommune er Øyvind Haraldseid kommunen sin representant til representantskapet i IKSet. Arnfinn Øverland er varamedlem. Øyvind Haraldseid deltok på representantskapsmøtet 06.05.19.

For valperioden 2019-2023 er Solvår Langeland valt medlem i representantskapet med Mats Årvik som varamedlem.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2019 har vore som planlagt. Utvalet og kommunestyret har handsama ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Rus- og psykiatritenesta» og oppfølging av rapport om «IKT og informasjonstryggleik». Utvalet har tinga Risiko- og vesentlegvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024, samt prosjektplan om «Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta» for levering i 2020. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Ølen, 6. mai 2020

Anne T. S. Andersen

Kristian H. Ressel
Leiar

Olaug Mari Øen

Knut S. Berge

Eivind Hetland

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/19 Godkjenning av protokoll frå møte 12.11.18
- 02/19 Referat- og orienteringssaker 08.05.19
- 03/19 Vindafjord kommune – uttale til rekneskapen for 2018
- 04/19 Oppfølging av rapport – «IKT og informasjonstryggleik»
- 05/19 Årsmelding for kontrollutvalet 2018
- 06/19 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon eller nytt anbod i år

- 07/19 Godkjenning av protokoll frå møte 08.05.19
- 08/19 Referat- og orienteringssaker
- 09/19 Revisjonsrapport – «Rus- og psykiatritenesta»
- 10/19 Revisor si eigenerklæring for 2019
- 11/19 Budsjett 2020 - kontrollarbeidet i kommunen – kontrollutvalet sitt framlegg
- 12/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode

- 13/19 Kontrollutvalets ansvar og oppgåver
- 14/19 Godkjenning av protokoll frå møte 02.10.19
- 15/19 Referat- og orienteringssaker
- 16/19 Orientering om framlegget til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023
- 17/19 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2019
- 18/19 Bestilling av Risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- 19/19 Framlegg til møteplan for 2020

Saker til orientering:

1. Orientering om status for arbeidet i barnevernet v/rådmann
2. Statusrapport pr. mai 2019
3. Informasjon om statlige tilsyn med kommunane i Rogaland 2019
4. Årsrapport og skatterekneskap 2018 frå skatteoppkrevjaren i Vindafjord og Etne
5. Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjaren for Vindafjord kommune
6. Protokoll frå ekstraordinær gen.forsamling i Haugaland Næringspark AS 21.01.19
7. Protokoll frå rep. møte 10.04.19 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
8. Representantskapsmøte 26.04.19 – Haugaland brann og redning IKS
9. Representantskapsmøte 30.04.19 - Haugaland Vekst IKS
10. Representantskapsmøte 06.05.19 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
11. Representantskapsmøte 22.05.19 – HIM IKS
12. Kommunal rapport 31.01.19 – «Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati»
13. Kommunal rapport 14.03.19 – «Synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»

14. Orientering om sakshandsamingssystem v/utvalssekretær
15. Statusrapport pr. september 2019
16. Kst.vedtak 28.05.19, sak 23/19 – oppfølging av rapport om IKT
17. Kst.vedtak 28.05.19, sak 24/19 – revisjonsavtalen, bruk av opsjon
18. Brev av 12.07.19 til Deloitte AS vedk. forlengelse av revisjonsavtalen
19. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Kraft AS 11.06.19
20. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Næringspark AS 11.06.19
21. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 - Haugaland brann og redning IKS

- 22. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn 04.06.19
- 23. Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – brev frå FKT 01.07.19
- 24. NKRF – «Rettsikkerhet – en del av fellesskapets verdier»

- 25. Orientering om sak frå Bjoa omtala i media v/rådmann
- 26. Statusrapport pr. november 2019
- 27. Kst. vedtak 21.10.19, sak 71/19 – val av kontrollutval 2019 - 2023
- 28. Økonomirapport pr. november 2019
- 29. Taushetserklæringsskjema (vert signert i møtet)
- 30. Innkalling til representantskapsmøte i HIM 27.11.19
- 31. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 14.11.19
- 32. Konferanse 2020 for kontrollutvalgene - Sandnes 09.01.20
- 33. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 29. – 30. januar 2020
- 34. Ønsker åpenhet og innsyn i kommunenes arbeid – Kommunal Rapport 28.10.19